

# Blod i feces (Hemo-fec)

## Bakgrunn

Friske personar taper 1-2 mL blod per døgn via tarmkanalen. Meir enn 2-3 mL blod per døgn eller ca. 2 mL per 100 g feces reknast som patologisk. Testen baserer seg på peroksydaseaktiviteten til hemoglobinet. Fargeutslaget blir avlese visuelt. Desse testane er ikkje spesifikke for hemoglobin, men reagerer positivt også ved nærvær av peroksydase i maten.

## Indikasjonar

Mistanke om blødingar i mage-tarm-kanalen.

## Pasientførebuingar

Sidan testen er basert på peroksydaseaktiviteten til hemoglobinet, må matvarer som kan innehalde peroksydase utelukkast frå kosten i minst 4 døgn før første prøve og i heile prøveperioden. Dette gjeld raudt kjøtt, blodmat, innmat, fisk med mørkt kjøtt, blomkål, peparrot, reddikar, melon, bananar og soyabønner. Glukokortikoidar, acetylsalisylsyre (kan gi småblødingar i magesekken), jerntabletter (kan gi falskt positivt resultat ved peroksydasetestar) og ascorbinsyrepreparat (kan gi falskt negativt resultat ved peroksydasetestar) må ikkje brukast siste 4 døgn før første prøve og i heile prøveperioden. Alkohol bør unngåast i prøveperioden. Diettforskrifter er som regel vedlagt prøvepakken.

## Prøvetaking

Prøven skal takast på Hemo-fec spesialplate.

- Det er anbefalt å ta dobbeltprøver på 3 avføringsprøver (frå ulike dagar).
- Kontaminasjon av prøvene med reingjeringsmiddel frå toalettskåla og menstruasjonsblod må unngåast.

## Referanseområde

Negativ

## Tolkingar

"Hemo-Fec" gir positivt utslag i 10-35 % av tilfella med ca. 2 mL blod per 100 g feces, og i 80-90 % av tilfella med ca. 5 mL blod pr 100 g feces. Generelt er testane av størst verdi ved diagnostikk av cancer proksimalt i kolon, då desse kan vere symptomfrie til langt ut i forløpet. Ved rektalcancer er testen sin sensitivitet for bløding mindre, truleg fordi innblanding av blodet i feces er ujamn. Eit anna problem ved diagnostikk av cancer coli er at ikkje alle svulstar blør. Av desse grunnane kan ein ikkje gje sikre tal for testen sin sensitivitet for cancer coli. Testen er av mindre verdi ved mistanke om cancer i magesekken, fordi mykje av hemoglobinet blir nedbrote under passasjen gjennom tarmen. Momentant positive testar er av erfaring ofte uttrykk for bløding, medan svakare positive utslag ofte skuldast feilkjelder.

**Feilkjelde:** Sjå pasientførebuing.